

---

Saknr: 2020/36479-1  
Saksbehandlar: Jostein Fjærestad

---

## Saksgang

Utval	Utv.saknr.	Møtedato
Fylkesutvalet		14.02.2020
Fylkestinget		03.03.2020

## Skilting av bygg i Vestland fylkeskommune

Forslag til vedtak

1. Fylkestinget vedtek å skilta om alle bygg nytta av Vestland fylkeskommune med grunnlag i den nye grafiske profilen.
2. Fylkestinget løyver ei samla investeringsramme på 16 millionar kroner som ei øvre ramme for prosjektet fordelt med halvparten i 2020 og halvparten i 2021.
3. Fylkestinget kjem attende til finansiering av løyvinga for 2020 på 8 millionar kroner i økonomirapporten etter 1. tertial. Restsummen vert innarbeidd i budsjettet for 2021.

## Samandrag

Vestland fylkeskommune nyttar om lag 400 bygg til dei ulike tenestene. Desse er i dag skilta med tidlegare fylkesnamn, våpenskjold og grafisk profil. Det er difor naudsynt med ny skilting både utvendig og innvendig som og stettar den nye grafisk profilen. Arbeidet med ei slik skilting er både kostnads- og tidkrevjande. Det er fleire hundre større utvendige skilt og fleire tusen innvendige skilt som skal bytast/endrast. Mange av skilta er og søknadspliktige mot Plan- og bygningslova. Arbeidet er difor planlagt å ta vel eit år og kostnadsrekna til omlag 16 millionar kroner. Skiltinga skal prioritera gjenbruk av skilt eller delar av skilt der dette er mogleg innanfor den grafisk profilen. Prosjektet er planlagt gjennomført frå våren 2020 til sommaren 2021.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Ingrid Holm Svendsen  
fylkesdirektør organisasjon og økonomi

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor ingen handskriven underskrift*

## Saksutgreiing

### Bakgrunn for saka

Vestland fylkeskommune nyttar i dag om lag 400 bygg til dei ulike tenestene. Dei fleste av desse bygga er eigd av fylkeskommunen, men nokre er og leigde bygg eller seksjonar av bygg. Desse bygga er i dag skilta med tidlegare fylkesnamn, våpenskjold og grafiske profilar. Våpenskjold og/eller fylkesnamnet er teke med på nærast alle skilt også innvendig, så vi må rekna med å endre alle skilta i alle bygg. Omfanget av skiltinga varierer etter behov. Nokre bygg er mindre vesentlege eller del av ei gruppe bygg og har få skilt, medan andre bygg har fleire skilt, då dei er store eller møter publikum frå fleire retningar.

Det er utarbeidd ein ny grafisk profil for Vestland fylkeskommune. Denne profilen vil gje føringar for korleis bygga skal skiltast. Desse føringane er i nokon grad ulik tidlegare føringar.

Hordaland fylkeskommune etablerte ein profil for om lag 8 år sidan som la grunnlag for ein einskapleg skilting av dei fylkeskommunale bygga. Erfaringar frå dette prosjektet gjev eit godt bilete av omfanget av skilting og kostnader.

Dei fleste bygg i Sogn og Fjordane fylkeskommune er skilta i samsvar med vedteken profil, men ber preg av at den har endra seg historisk. Fleire bygg er såleis ikkje oppdatert og må no endrast.


Ut frå erfaringstal frå Hordaland fylkeskommune må ein pårekna at det skal etablerast meir enn 300 større utvendige skilt. Nokre vil vera namn på verksemda medan andre skilt vil vera orienteringsskilt. Nokre vil vera med lys, andre lyssett, men alle desse skilta vil vera søknadspliktige etter Plan- og bygningslova.

Nokre eksempel på utvendig skilting:



Innvendige skilt består av tre typar skilt - orienteringsskilt, romskilt og romnummer. Nokre bygg vil mangla slike skilt, men for andre bygg, er det mogleg å bruke om att delar av skilta. Det er til dømes i mange bygg nytta rammor som det blir lagt inn papirskilt i. For desse vil det vere tilstrekkeleg å utarbeida og skriva ut nye skilt for å sette dei inn i dei eksisterande rammene.

Nokre eksempel på innvendige skilt:



## Gjennomføring

Ut frå synfaringar på bygg i tidlegare Hordaland, ser vi at det mogleg å bruke om att mykje av eksisterande skilting ved å byta ut foliering og informasjon i eksisterande skiltrammer. Likevel vil det vere noko å endre på alle skilt. For dei større utvendige skilta som syner namnet på eininga, vil det vera naudsynt med nye skilt alle stader. Der vi i dag har framlegg av straum for lysskilt og lyssetting vil dette truleg kunne nyttast oppatt. Mange av dei utvendige skilta er og søknadspliktig etter Plan- og bygningslova og det vil vera ein del administrasjonskostnadar knytt til arbeidet. Desse er og dei mest kostbare skilta å etablera/montera.

Før arbeidet med skilting kan starta, må det etablerast eit tilbodsgrunnlag basert på ny grafisk profil og utlysast ein leverandørkonkurranse. Med eit vedtak i fylkestinget tidleg i mars 2020 kan ein leverandør vere på plass i løpet av mai måned. På grunn av skiltomfanget, ønskje om mest mogleg gjenbruk og søknadsplikt, må vi rekne med at arbeidet tek om lag eit år. Det er derfor laga ein grov framdriftsplan om å gjennomføra skiltinga frå våren 2020 til sommaren 2021

## Økonomi

Det er krevjande å kalkulera kostnadane for skiltinga med stor presisjon. Dette skuldast at det både er usikkert kva som eventuelt kan brukast oppatt og erfaringar som tilseier at det kjem ynskjer frå brukarar og andre om ei forbetra skilting.

Kostnadane for skiltinga i tidlegare Hordaland fylkeskommune kosta om lag 16 millionar kroner. Dersom vi legg på prisstigning og aukar med det tal på bygg vi no har i Vestland fylkeskommune, så vil kostnaden bli om lag 24 millionar kroner. Synfaringane viser at dei fleste av dei dyre og arbeidskrevjande utvendige skilta må bytast. Men det er og truleg at fleire delar av dei innvendige skilta kan nyttast om att med noko omarbeiding. Dette gjeld og orienteringsskilta ute.

Ut frå erfaringstal, usikkerheita i kostnadsvurderinga, men og moglegheitene til gjenbruk, så vil vi tilrå at det for dette prosjektet blir sett ei ramme på 16 millionar kroner som prosjektet må løysa den totale oppgåva innanfor. Løyvinga på 16 millionar kroner vert innvilga med like delar – 8 millionar kroner - i 2020 og 2021.

## Vedtakskompetanse

Fylkestinget har vedtakskompetanse då prosjektet også belastar budsjettet i 2021

## Vurderingar og verknader

**Økonomi:** Skilting av alle bygg i Vestland fylkeskommune er rekna til å kosta 16 millionar kroner fordelt med 8 millionar i 2020 og 8 millionar i 2021.

**Klima:** Ikkje relevant

**Folkehelse:** Ikkje relevant

**Regional planstrategi:** Ikkje relevant

**Konklusjon**

Fylkesrådmannen tilrår at det vert sett i gang eit skiltprosjekt som skal bytte ut eller endre alle skilt knytt til bygg som er eigd eller nytta av Vestland fylkeskommune. Skiltinga skal vera i samsvar med ny grafisk profil. Skiltinga skal prioritera gjenbruk av skilt eller deler av skilt der dette er mogleg innanfor den grafisk profilen.